

MIKKJELSTØL

Høgde over havet : 480 m

Lengd: ca 2 km

Tid: ca 1,5-2 timar ein veg (opp)

Gradering: Alt 1: Lett til middels tung tur. Alt 2: Veldig lett tur.

Vegskildring : Køyr Fylkesveg 7 til Folkedal, ca. 7 km. Ta innover dalen, følg elva innover ca. 1,3 km. No har du to val.

1. Ta opp til høgre, passer Smidjehaugen og Dalatun. Parker i nærleiken av raudt hus. ELLER

2. Køyre vidare innover 0,5 km til Slettena og følg skogsvegen oppover på venstre sida av dalen. Byrjar rett bak huset på Slettena.

1. IKKJE for folk med HØGDESKREKK!! Følg traktorveg ca. 1 km, gjennom to beiter (lat att grindene) Rett etter at vegen vert bratt, vinklar den veldig. Har skal du ta av og følge merka sti oppover lia. Du passerer Øykjaskår, vidare opp Sotarebrekko, som er den brattaste og tyngste parten. På Sjonarhaug passar det fint med ein pause, flott utsikt over Slettena og Sauatræet. Passerer så Fletena, gammal slåtte. Her gjekk det tidlegare løypestreng ned i dalen. Nesten oppe passerer du Stegane. Her er stien på ei smal "berghylle" og det er veldig høgt utover. Pass på !!! Ferdig med dette partiet, er du så å seie komen til Svortetjørn. Følg merka sti ca. 15 min innover, og du er framme på Mikkjelstøl. Kassa heng på eit gammalt grå-svart sel litt opp forbi elva.

2. Skogsbilvegen går heilt til Svortetjørn, ca. 4 km (Bomveg 40,-) Vegen er stykkevis veldig bratt. Etter ca. 2 km, kjem du rett forbi Helgastøl. Stølane til nokre av bruka i nedre Folkedal (Elvatun, Sandflåten, Hesjgiljane og Brekke)

På toppen av vegen, med flott utsikt nedover heile Folkedal, er det eit vegkryss. Køyr / gå rett fram og litt nedover. Følg vegen til endes til parkeringsplass . Gå på venstre side av tjørna og følg vassdraget innover, ca. 15 min, omlag 500 m. Det er solid bru over elva. Du er no på nedste del av Mikkjelstøl. Du passerer to sel og ca. 10 minuttars gange oppover lia, møter du på Øvrestølen på Mikkjelstøl. Her er to gamle sel og ei ny hytte. Kassa heng på ei stor bjørk i nærleiken av det nyaste bygget.

Alternativt kan ein køyre forbi Havås til Olastøl og gå langs vassdraget ned til Mikkjelstøl. Dette er ikkje merkt, men ein grei tur å gå. Tar ca. 45 min.

GOD TUR!